





3/2012

# Kyrkjeblad

*for Vestre Slidre*




# Fødd i ein stall

«*Det skjedde i dei dager*»..., står det skrive i bokmålsutgåva av Juleevangeliet! Ja, det er i alle fall mykje som har skjedd i dei 47 årene eg har levd, – i dei dagar har det skjedd ein heil del! Mykje av det fine eg har opplevd er blitt knipse og forevigta i fotoalbum – den dagen eg vart døypt, min første skuledag, då eg sto til konfirmasjon, då eg fekk mitt vitnemål frå Menighetsfakultetet. Ja eg har bilde frå bryllaupsdagen vår, mine barns fødslar osv. osv. – store hendingar i livet.

Mine svake augeblikk var det heldigvis ingen som fotograferte. Men minna, enten dei er gode eller dårlige, sit i hovudet og så kan eg fortelja dei historiene eg sjølv sett mest pris på vidare!

Ikkje alt, men ein del av det eg har gjort i livet mitt har eg ofte hatt ein plan med! Til dømes når eg skulle velje meg ei utdanning, – jobb, – bil, – kjæraste og kvar eg skulle bo har eg fått bestemme sjølv. Men det er ikkje slik at alle dei planane vi legg for liva våre og dei vala vi ofte tar, nødvendigvis er like smarte.



Kven var det som sa; «Eg har ein plan gutar»! Jo, det var Egon i Olsenbanden! Men historia gjentok seg! For gutane var alltid på feil stad til feil tid, – og kvar gong hamna Egon i fengsel. Tilbake satt Valborg, ektemannen Kjell og kompisen Benny og mimra over dei mislykka planane som «skjedde i dei dagar!»

Gud hadde også ein plan, – ikkje ein slik som Egon hadde, men ein langt betre plan. Hans plan handla om korleis han skulle redde og hjelpe oss menneske. For han skjønte at vi verkeleg trengte hjelp – så mykje rart vi kunne finna på. Til å byrja med så trengde han ein som var viljig til å kunngjere og rope ut denne fantastiske planen. Gud jobbar langsiktig og føreburr sine planar godt.

700 år f.Kr. fant han Jesaia og fekk han til å ropa ut sin frelsesplan til alle menneske: «*Det folket som går i mørkret, ser eit stort lys. Over dei som bur i dødsskuggens land, strålar lyset fram... For eit barn er oss fødd, ein son er oss gjeven. Herreveldet er lagt på hans skulder. Han har fått namnet Underfull Rådgjevar, Veldig Gud, Ewig Far og Fredsfyrste*».

Og så fortelje evangelisten Lukas om det som «skjedde i dei dagar», og om Guds store plan for menneskeslekta! – At Gud sjølv, – han som budde i det høge og heilage, skulle koma ned til oss menneske og bli eit heilt vanleg menneske som deg og meg. Ein fin løysning for oss, men kunne det vera ein god plan for Gud?

Der ute på Betlehemsmarka, i ein stall, mellom sauер, gris og kyr og mellom møkk, fôr og reiskap – låg Gud sjølv! Eg meiner – ser man dette ifrå gjæterrane, kongenes og foreldra sitt ståsted, – kunne det jo sjå ut som om alt hadde gått gale! Himmelkongen, låg no bokstaveleg talt blant skit og møkk! Hadde Guds plan òg slått heilt feil? Han burde jo vært fødd i eit slott – eller burde han ikkje? Hmm... «Her var det mykje som ikkje burde være som det var.» Blei kan hende Jesusbarnet fødd av feil mor, på feil plass og til feil tid? Tenk at ei ugift jente på 14-15 år ble mamma til det vesle Jesusbarnet! Alt såg jo ut til å ha slått feil! Og så blei han flyktning.

Men vet dykk kva? Guds plan slår aldri feil.  
Då Gud vart menneske, var han slett ikkje kravstor.

Jesus braut opp frå sitt himmelslott og gav avkall på sin eige rikedom då han kom til vår verd. Han let seg ikkje føde i kongens slott eller i rikmannens vakre hus. Han byrja livet sitt i fattigslege kår. Eg trur det var ei meiningsbak det heile. Gud ville gjere stallen til ein bustad for kongen. Og her finn eg evangeliet som er blitt til ei så stor glede for meg.

Om Jesus kunne ta bustad i ein skitten stall, så kan han også ta bustad i oss og gjere våre hjarto til ein kongsgard. Det er Guds gode plan for deg og meg. Det er i våre liv han ynskjer seg ein bustad. Det er

hjå oss han kom. Og for at vi skulle skjøne at han vil bo i våre hjarto, så let Gud sin son bli fødd i ein skitten stall.

I dåpen tok han bustad i våre hjarto. Til vår stall kom han. Den gongen var det plass i herberget. Uansett korleis det ser ut der inne i dag, så ynskjer han fremdeles å være konge der i stallen. Det er kva jula handlar om.

Vi går no inn i julehøgtida. Heldigvis er ikkje jula avhengig av korleis vi har det. Jula dreiar seg om kva Jesus gjorde for oss.

*En krybbe var vuggen som ventet ham her, det lille barn Jesus, vår Frelser, så kjær.  
Men stjernene lyste helt inn der han lå, det lille barn Jesus, på leiet av strå.*

*Så enkelt og stille kom Gud til vår jord. Så høyt er jeg elsket av Jesus, min bror.  
han kom fra Guds himmel, Gud selv var han lik, men Jesus ble fattig, og jeg er blitt rik.*

*Fra krybben til korset gikk veien for deg, slik åpnet du porten til himlen for meg.  
Velsign oss, vær med oss, gi lys på vår vei, så alle kan samles i himlen hos deg!*

Og med desse orda frå salmediktar Eivind Skeie så ynskjer eg dykk alle saman ei riktig god julefeiring.  
Vi sjåast i kyrkja. **J**

# Jolekyeld 1934

– slik Knut Hauge skreiv:

*Endeleg vart det litt friskare ver i dag, so vi kunde kome  
åt skogen. Det har mest vore uråd i heile vinter, vi har  
berre fått heim to vedvender og fire forlass!*

*Men i dag vart det fint, og ekte gamaldags jolestemning  
der aust. Skogen sto snøtyngd og still i matt, gråleg  
sylvglans, og det same endelause snøver aust over fjelli.  
Finst det vel noko meir fredfullt enn ei bygd som søkk  
inn under snøveret –.*

*Og då Brunen og eg kom slitne og våte heim, so var det  
jolestemning der og. Skymande, snøtung luft, døyvd kyrkje-  
klokkeklang, fyrst frå Hovi, so frå Lomen gamle kyrkje. –  
Og inne var det nyvaska og helg overalt, og furekvistar;  
ljos og joletre inne i stova. Underleg er jolekvelden, og  
endå ein gong festa vi den alle fem, i fred og ro.*



# Gullkonfirmantane 2012 helsar



**Bak frå v.:** Knut Rudi, Engebret Ringen, Harald Tildheim, Helge Bekkevold, Olav Lyngstad, Sigmund Lisjordet, Kristoffer Kvame, Ivar Torstein Bakken, Gunnar Einang, Tomas Fystro, Andris Moe, Ivar Riste, Ola Magne Solberg  
**Midtrekka :** Otto Lome, Tordis Snorheim, Ivar Jonny Tvene, Ingeborg (Johme) Gustavsen, Kjell Volden, Olaug (Volden) Hegge, Margit (Haugland) Fuglehaug, Olaug (Sørbøen) Lien, Anne Sigrid (Jarstadmarken) Oldre  
**Fremst :** Berit (Haugen) Wangensteen, Anne Marie (Haugtun) Tvene, Ingebjørg Reien, Anne Berit (Saglien) Lien, og nytilsett prest Ola Døhl.

På etterjulswinteren kom det eit hyggeleg brev i posten. Eg var gullkonfirmant i år, og vart invitert av sokneråda i Vestre Slidre til gudsteneste i Slidredomen og kyrkjekaffi etterpå.

Dette gleda eg meg til. Det er gått 50 år sidan 42 spente ungdomar møtte til konfirmasjon i Slidredomen den 3. juni 1962. Det var sokneprest Bjarne Nordheim som konfirmerte oss ein festdag med høgtid og flagging over heile bygda. Den gongen vart alle konfirmerte i Slidredomen.

Sundag 26. august var 26 gullkonfirmantar møtte opp, og vi gjekk i prosesjon inn i kyrkja som for 50 år sidan. Vi vart ynskt velkomne til messe av sokneprest Ola Døhl og klokkar Magnhild Skjel. Presten tok oss attende til konfirmasjonsdagen, der vi sto, smånervøse, i kvite kapper langs benkeradane, for overhøyringa var på konfirmasjonsdagen den gongen.

Vi mintest og dei sju som var gått bort, og tende eit ljós i globen for kvar av dei.

Etter messa vart det tid til fotografering før vi reiste på Sanitetssalen på Sjukeheimen, der sokneråda i Røn, Slidre og Lomen hadde dekka eit fint festbord for oss. Nils Moen ynskte oss velkomne, og vi fekk servert kaffi/te og karbonadesmørbrød, fine snittar og ei flott marsipankake. Praten gjekk livleg rundt bordet, der alle kosa seg. Leiv Hamre las frå Bustenskjold, og Guri Marie Hegge spelte langeleik for oss. Alle som hadde vore med og laga til denne festdagen, fekk takk og stor applaus.

Laurdagskvelden hadde vi vore samla på Seksanten på Vaset til ein mimremiddag, der vi hadde god tid til å prata med kvarandre. Før vi reiste kvar til oss, vart det bestemt å treffast att om tre år, og ein liten komite vart vald til å ta seg av det.

Til slutt vil vi få takka alle som hadde laga til ei minnerik helg for oss gullkonfirmantane!

Anne Marie

# Gåver til kyrkjebladet

frå 1. juli til 31. oktober.

De har vore rause! Fleire enn 150 personar har letta bankkontoen sin, og vi har fått sikra drifta av Kyrkjebladet det nærmaste året. Data er neimen ikkje berre ei velsigning for alle. Betaling «på nett» er visst ei sperre for fleire enn eitt namn, men vi vil gjerne ha med namna på ektefelle/sambuar der slike finnast! I alle høve seier vi **TAKK!**

Astrid og Nils Anmarkrud, Astrid Karin Aune, Bjørg og Ivar Torstein Bakken, Gudveig Bakken, Gro Berge, Gunnbjørg og Torstein Berge, Solveig og Leif Bergheim, Marit Bergheim, Gerd og Erik Magnus Bergum, Gro Sissel Bjørhei, Ingrid Bjørshol, Margit Synnøve Bratvold, Berit og Gunnar Breivik, Eli Staxrud Brenna, Jenny og Knut Bråten, Astrid og Olav Bråten, Sigrid Marie og Jon Bråten, Astrid Olga Bråten, Inger Helene og Endre Bunde, Aud Berit og Nils Dokkehaugen, Anne Bjørg og Nils K. Dokken, Liv og Arne Egil Dyvesether, Kari og Olav Einang, Kari Ekerbakke, Mary Evensen, Maren Åse Fauske, Signe Finneberg, Ingrid Fosheim, Ellen og Ole Fosheim, Hege og Eivind Fosheim, Helfrid Margrethe Fugllien og Kjell Otto Tvenge, Gunvor og Knut Fystro, Mona og Ole Bjørn Før, Margit og Olav Gardshaug, Ragnhild Ellestad Gjengedal, Odd Einar Granli, Anna og Per Magne Granli, Ivar Gullhaug, Ingeborg og Jon Gustavsen, Anne Marie Gustavsen, Tina og Rune Halle, Marit Liborg Hambro, Tove Lasskogen og Jan Martin Hambro, Aslag Hamre og Rigmor Eidsaa, Ingeborg Hamre, Solveig og Ivar Hamre, Randi Julianne Hamre, Trond B. Hamre, Bjørg og Leiv Hamre, Randi Berit og Knut Hande, Marit og Eivind Hande, Dorthe og Nils Hauen, Ingebjørg Haugene, Ola Haugrud, Sigrid Hedalen, Joan og Leif Homme, Arnlaug og Oddvar Hovda, Solveig og Torstein Husaker, Anne Lise og Svein E. Husby, Dorthe Marie Høyme, Ingebjørg Høyne, Kari og Olav Høyvik, Nils Hålien, Kristine og Arne Ildjarnstad, Kari Johme, Esther og Endre Johme, Else Margrethe Johnsen, Ruth og Odd Steinar Kirkeengen, Borgny Kristiansen, Annvor og Nils Kvale, Knut T. Kvale, Olav E. Kvale, Karen Merete og Kristoffer Kvame, Oddrun og Gunnar Kverneggen, Kari og Ola Kolbjørn Kvåle, Gunvor og Håkon Lagrød, Åse og Torgeir Lasskogen, Solfrid og Helge Leirhol, Peder Limseth, Marie Luise Ljønes, Torstein Bunde Loe, Ingebjørg K. Lome, Marit Anny Løken, Ingebjørg Løvli, Anne Medby, Kari Bergheim og Per Odd Moe, Egil O. Moe, Ingrid Olbjørg og Andris Moe, Ingrid og Ola Moe, Ragnhild og Ingar Myrheim, Anna Myrvang, Kari Synnøve Moe Nevland og Steinar Nevland, Torill og Bjørn Egil Nilsen, Anne

Sigrid Oldre, Kristine og Oddvar Opheim, Nils Einar Ormestad, Torgeir Reien, Hjørdis Reishaugen, Randi Reisshaugen, Kari og Ivar Ringestad, Ola Riste, Kari Robøle, Randi og Knut Robøle, Kari og Egil Rogn, Anne og Arne Rogndokken, Martha og Nils O. Rogn, Astrid Rogne og Rolf Finneberg, Marit og Ola Ingar Rosendahl, Kirsten og Erik Rostbøll, Kari Ødegård og Alf Edvin Rye, Målfrid og Andris Rødningen, Marie Rødningen, Kari Uvsløkk og Oddvar Røn, Ruth Marie Røn, Mari Røn, Solveig Røn, Marit Røvang, Kari Skattebo, Ingebjørg Skogheim, Marit og Arne Skogstad, Marit og Knut Skrindsrud, Sigrid Skåren, Kari Smedsrød og Torleiv Hjelle, Annlaug Johanne Solheim, Ingebjørg Stee, Grethe og Andris Stee, Annie Reidun og Endre Stee, Sigrid Stensrud, Ragnhild Strømmen, Sigrid Strømmen, Borghild Stølen, Magnhild og Knut Sveine, Eli Sælid, Thordis K. Sørum, Kristine Tande, Barbo og Oddvar Ola Thon, Erna Tordis Tildheim, Inger Trøen, Kjell Trøen, Kjellaug Trøen, Rønnaug Trøen, Marit Granheim og Harald Trøyflat, Kari Tuvmarken, Hjørdis Tvenge, Inger Helen Tvenge, Ingrid Tvenge, Anne Kari og Per Kristian Tvenge, Torbjørg og Anders Tvenge, Dagmar Tøftum, Marit Høyme og Trygve Tørstad, Olav Ivar Viste, Marit Wangensteen, Torbjørn Wold, Reidun Øde, Gerd og Ola Birger Ødegård, Gunvor Øyen, Marit og Torbjørn Øygard, Anne Marit og Haldor Ødegaard, + fire -4- namnlause giroblankettar = 42.717.- kr på dette kontonummeret, om vi reknar med rentene.



# *Soknegrenser og kyrkjer i Vestre Slidre*

Vestre Slidre er ein liten kommune, både om vi reknar folketal og avstand. I tillegg er heile kommunen samla rundt hovudvassdraget og Slidrefjorden, utan mange sidebygder og grender, slik vi finn i dei fleste granne-kommunane våre.

I denne vesle kommunen med vel 2,200 innbyggjarar, har vi fire kyrkjer i jamn bruk, og så har vi ei stavkyrkje og ein kyrkjeruin vi nyttar i visse høve.

Kyrkjene våre er bygde i andre tider og for annan mellomtrafikk enn vi har i dag. Likevel er det lett å kunna visa til andre distrikt med gamle kyrkjer og med færre menneske, men med større avstandar og større geografiske hinder for lokaltrafikk enn vi har, og har hatt i Vestre Slidre og i Valdres i det heile, her vi har 18.000 menneske og 34 viggla kyrkjestader!

Kva er årsaken til alle kyrkjebygga? Gudstrua var knapt sterkare her enn i andre område. Valdres var vel og det siste distriktet som vart «kristna» her i landet, med sverd og blod, om sagaen er rett. Var velstanden jamtover større her enn andre stader, eller var einskilde bygdehovdingar mektige nok til å byggja sine eigne monument? Eigedomssstrukturen vi ser spor av i ettertid, tyder ikkje på stor velstand hjå meinigmenn, velståande grunneigarar eller mange maktsjuke småhovdingar. Nei, det er snarare å tru at *årsaken er indre usemje og uvilje mot samarbeid*, noko som hindra samkvem og samarbeid i større område, slik at «alle» måtte byggja berre for sine eigne!

Kyrkjebygga står her i dag, og uakta alder representerer dei so store historiske og kulturelle verdiar at vi ikkje kan lata dei forfalla til grus og oske, enda om berre få av oss nytta benkeplassen som står til rådvelde der. Men vedlikehald kostar pengar og arbeid, og i dag reknar vi oftast samfunnslivet i tid og pengar. Det er ikkje mogeleg, og ikkje rett, at dei få kyrkjegjengjane skal kosta vedlikehaldet aleine, og i desse tider er det ikkje lett å be kommunepolitikarane om midlane vi meiner trengst. Nett no må vi minnast at Lomen Kyrkje er 100 år i 2014, og treng verkeleg ei indre oppgradering av veggar og tak. Kyrkjeleg Fellesråd, med kommunal representant, har peika på manglane dei par seinaste åra, men vi tvilar vel på at kostnad til oppussing vert lagt inn i budsjettet før jul i 2012.

**Vestre Slidre har tre Sokneråd** og eit Kyrkjeleg Fellesråd. Grovt sagt arbeider sokneråda med saker som gjeld kyrkjelyden i dagleglivet, medan Fellesrådet

har ansvar for økonomi og «bygg og anlegg». Vi er 33 medlemmar i sokneråda, om vi reknar med varapersonane, og av desse sit ni i Fellesrådet. Før kvart nyt val er det ein kamp å få folk til å stå på lista og stilla seg til rådvelde for arbeid i kyrkjeloge organ. *Val her er like bindande som politiske val.* Dei få som er velvillige til arbeid for fellesskapen i desse organa, er samtidig oftast med i andre lag og organisasjonar og har oppgåver der. Dei blir gjerne overforbrukte og utnytta, og kan gå trøytte lenge før tida. Ingen står i kø for å overta plassen deira. Dei tre sokneråda har eit nært og godt samarbeid. Kvart år har vi seks-åtte sammøte om fellessaker, og eigne møte etterpå, der vi tilpassar fellesvedtak og tar saker som gjeld berre eige sokn. Likevel blir møteplassen stort for nokon.

Vi har nettopp nyåpna tankebanken for å diskutere om samanslåing til **berre eitt** -1- sokneråd kan vera tenleg, eit råd som samtidig kan arbeida som eit Fellesråd. Her er mange klare fordeler og ulemper. Nokon meiner og at vi må innføra møtepengar, slik politisk valde personar har i andre organ. Denne saka krev grundig gjennomtenking av heile saksspekteret og heile saksgangen, m.a.:

- kor mange personar skal soknerådet ha om vi slår saman
  - skal medlemmane veljast frå lister i dei gamle sokna, eller frå ei felles kommuneliste
  - får vi halda fram med utskifting av halve rådet kvart andre år (slik vi har no), eller må vi ha fullt nyval kvart fjerde år
  - kva seier lovverket om slike saker

Er målet å ha eitt -1- sokneråd i arbeid frå 1.nov. i 2013, må saka vera ferdig utgreidd og handsama FØR vi skal ha ny liste eller nye lister til soknerådsvalet i 2013. Kan henda hastar ikkje saka så sterkt, for enno ventar mange møte og endringar i overordna kyrkjelege organ dei nærmaste åra.Du skal i alle høve vera trygg på at **saka ikkje vert avgjort før vi har rådført oss i SOKNEMØTE** i Røn, Slidre og Lomen, der DU kan møta fram med DINE meiningar om dette.

## **SNAKK MED REDAKSJONEN/REDAKTØREN OM DU VIL DISKUTERA NOKO AV DETTE!**

# Kyrkjelege handlingar

## DØYPTE:

### Lomen sokn

19.08.12	Julie Aase Homme	(Lomen stavkyrkje)
14.10.12	Lone Kvalnes	
14.10.12	Runa Solsten	
28.10.12	Hedda Kvale	(Høre stavkyrkje)

### Røn sokn

30.09.12	Even Olsen Johme	(Øyjar kapell)
28.10.12	Aksel Knut Rune Øygard	

### Slidre sokn

21.10.12	Torgeir Kige Kvåle
21.10.12	Maria Olava Kleven Brenna

## VIGDE:

### Slidre sokn

29.06.12	Ann Cathrin Nilseng Stenersen og Tom Oddvar Solheim
07.07.12	Marita Tvenge og Lars Petter Engen
28.07.12	Silje Margrete Moe Nevland og Per Olav Fredheim
01.09.12	Anne-Lise Kjøde og Steinar Kvåle

## JORDFESTA:

### Røn sokn

10.07.12	Gunnar Snortheimsmoen	f. 1927
28.09.12	Ruth Skogheim	f. 1930
30.10.12	Gjert Dalen	f. 1962

### Lomen sokn

25.09.12	Gudrun Myhre	f. 1932
----------	--------------	---------

### Slidre sokn

20.07.12	Eivind Mørken	f. 1940
14.08.12	Susie Hannelore Trøen	f. 1935
24.08.12	Ola N. Bergheim	f. 1919
26.09.12	Esther Lina Ski	f. 1932
09.10.12	Kjell Bækkeliен	f. 1934
26.10.12	Anne Rudihaugen	f. 1930

## *Søndagsskolen lever i beste velgående rundt omkring i landet*

Søndagsskole er ikke bare søndag formiddag. Noen har valgt en annen ukedag, som synes å passe bedre. Søndagsskole kan også være utesøndagsskole, sangsøndagsskole eller familiesøndagsskole. Noen kaller det klubb eller rett og slett hverdagsskole.

**Sprell Levende** er søndagsskolens unike verktøy med tanke på å gi Jesus til barna gjennom bibelfortellinger, sanger, animasjonsfilmer, dokkespill, hørespill m.m.

Spell Levende var nytt i 2006, men kom i fornyet utgave denne høsten. Her er opplegg for alle sanser.

**BARNAS Søndagsblad** kommer med 14 nummer i året pluss en CD og en bok eller DVD. Bladet er en del av opplegget. Her er ideer og aktiviteter til samlingen. Dette gjør det lettere å være leder.

Trosopplæring i menigheten henger sammen med trosopplæring i hjemmet. Da er bladet et unikt redskap. Bladet kan bestilles uavhengig om det er en søndagsskolegruppe på stedet. Kanskje til menighetens 6 åringer eller 8 åringer? Les mer om søndagsskolen på [www.sondagsskole.no](http://www.sondagsskole.no)

Randi Korsveien søndagsskolekonsulent Vest- Oppland og Gudbrandsdal

# Gudstenester i Vestre Slidre

<b>dag</b>	<b>stad</b>	<b>tid</b>	<b>Gudsteneste</b>	<b>prest</b>
9.12.	Slidredomen	11,00	<b>Høgmesse – 2. sønd. i adv.</b>	Ola Døhl
16.12.	Lomen kyrkje	11,00	Høgmesse – 3. sønd. i adv.	Ola
24.12.	Slidreøya	13,00	JULEKVELD og Familiegudsteneste	Ola
	Lomen kyrkje	14,00		
	Slidredomen	15,00		
	Røn kyrkje	16,00		
25.12.	Slidredomen	11,00	JULEDAG og Høgtidsgudsteneste	Ola
26.12.	Sjukeheimen	11,00	Julegudsteneste – nattverd	Ola
1.01.	Øyar kapell	13,00	NYÅRSDAG – Høgmesse	Ola
6.01.			<b>Kristi openberring</b>	
	Slidredomen	11,00	Familiegudsteneste utdeling av bøker til 4-/6-åringar	Ola
20.01.			<b>3. søndag i openberringstida</b>	
	Lomen kyrkje	11,00	Familiegudsteneste utdeling av bøker til 4-/6-åringar	Ola
	Slidredomen	19,30	Kveldsbøn	
27.01.			<b>Såmannssøndag</b>	
	Røn kyrkje	11,00	Familiegudsteneste utdeling av bøker til 4-/6-åringar	Ola
3.02.			<b>Kristi forklæringsdag</b>	
	Slidredomen	11,00	Høgmesse	Ola
10.02.			<b>Fastelaven</b>	
	Røn kyrkje	11,00	Høgmesse	Ola
17.02.			<b>1. søndag i fastetida</b>	
	Lomen kyrkje	11,00	Høgmesse	Ola
	Slidredomen	19,30	Skriftmålgudsteneste	
3.03.			<b>3. søndag i fastetida</b>	
	Slidredomen	11,00	Høgmesse	Ola
10.03.			<b>4. søndag i fastetida</b>	
	Øyjar kapell	11,00	Høgmesse	Ola
24.03.			<b>PALMESØNDAG</b>	
	Lomen kyrkje	11,00	Høgmesse	Ola
28.03.			<b>SKJÆRTORSDAY</b>	
	Sekskanten	12,00	Påskegudsteneste	Ola
	Slidreøya	15,00		
29.03.			<b>LANGFREDAG</b>	
	Slidredomen	19,30	Langfredag	Ola
30.03.			<b>PÅSKENATT</b>	
	Slidredomen	23,00	Påskenatt	Ola
31.03.			<b>PÅSKEDAG</b>	
	Slidredomen	11,00	Høgmesse	Ola
1.04.			<b>2. PÅSKEDAG</b>	
	Sjukeheimen	11,00	Påskegudsteneste	Ola

# Min salme

Eg er glad i salmesong, og deltek med stort mot og stor glede i fellessongen i kyrkja. Men ingen salme kan måle seg med *Delig er jorden*. Teksten til denne salmen vart skriven av dansken Bernhard Severin Ingemann i 1850. Tonen er ein schlesisk folketone frå 1842.

Diverre blir vi altfor ofte minna om at slik er det ikkje for alle. Siste verset fangar heile juleevangeliet og sluttar så kraftfullt: *Oss er en evig Frelser født!*

I mange år har vi på Røn skule hatt stilfulle juleavslutningar. Før vi gjekk kvar til vårt, reiste alle seg og song desse tre versa. Det var ei mektig oppleving saman med elevar, foreldre og lærarar.

Det gledar ein gamal rektor at denne skikken held fram.

*God jul!*

Olav Bjørn Øye.

Deilig er jorden, prektig er Guds himmel, skjønn er sjelenes pilgrimsgang!

Gjennom de fagre riker på jorden går vi til paradis med sang.

Tider skal komme, tider skal henrulle, slekt skal følge slekters gang;  
aldri forstummer tonen fra himlen i sjelens glade pilgrimssang.

Englene sang den først for markens hyrder; skjønt fra sjel til sjel det lød;  
*Fred over jorden, menneske, fryd deg! Oss er en evig Frelser født!*

---

## Guiding m.v.

Med full rett er vi stolte av den gamle **SLIDREDOMEN**, og med full rett må vi enno undra oss over tida og folket som kunne reisa eit slikt bygg. Vi var jo frimodige nok til å feira eit 800-årsjubileum i 1987, då også Kong Olav var med oss. Vi veit ikkje kor mange år byggjarbeidet vara, eller kor mange liv som gjekk med, men vi kan vera visse på at ikkje berre gudsord vart uttrykte medan det sto på. Det ligg nær å tru at arbeidsåra gjekk «med spett og mannskap, og med bøn og bannskap». Stein er solid, og huset står der trygt, men vi anar ei siging i grunnen under vestenden av kyrkja, der muren har fått ein sprekk. Treverket er oftast forgjengeleg, og fuglane har nok tidleg funne ut at dei kunne hakka hol og koma seg inn under tak, der dei la att skiten sin, og var trygge for rovfuglar. No freistar vi tetta hola, og so må vi ha ein dugnad på loftet og reinska ut slikt som ikkje skal vera der. Dette vert eit «skitarbeid», i dobbel meinings!

**LOMEN STAVKYRKJE** (skulle nok helst heitt **LOME STAVKYRKJE** fordi dette vel var ei gardskyrkje?) er rekna som litt yngre, og er vel tidfesta til 1193, men vi har ikkje halde åremålsjubileum her. Om treverk ikkje er like stabilt som stein, vissste byggherrane i gamletida å velja rett hustømmer, og lite tyder på at store utskiftingar trengst i dei åra vi ser framover.

Vi ser gjerne på gudshusa våre i andakt og undring, og vil gjerne visa dei fram til andre, som vel ikkje har noko tilsvarande der dei bur. Derfor held vi desse to kyrkjene opne for turistar ei tid på sommaren, og kostar kyrkjevertar som kan fortelja om hus og inventar. Dette kostar pengar. Det er grenser for kor høgt vi kan prisa inngangsbilletten, og det er lovlista minstegrenser for kva vi må betala dei unge vertane vi lærer opp «i faget».

Turistmottaket og omvisninga i stavkyrkja er nokså populær. Kyrkja er synleg frå hovudvegen, skiltinga er bra, og parkeringsplassen er godt merka. Vi tente netto rundt 2.000.- kr her i år, men har i alle tidlegare år hatt vesentleg høgre utbytte. Omvisninga i Slidredomen har derimot vore ein stor kostnad i mange år. No i 2012 kosta den rundt 25.000.- kr totalt, der Kommunen dekkjer 60 %, og inngangspengane vart berre rundt 6.000.- kr, slik at vi hadde rundt 10.000.- kr på minussida da sommaren var slutt. **SLIK KAN VI IKKJE HALDA FRAM**, men vi er i beit for idear om andre og meir lønsame presentasjonar av arvegodset. Kan DU hjelpa oss?

# Laurdagsgodt

300 g mjølkesjokolade  
100 g mandlar  
100 g marshmallows



Smelt sjokoladen i vassbad. Rist mandlane i ei tørr panne. Ha dei på eit bakepapir, la dei avkjølast litt, så grovhakkes dei. Klypp marshmallowsen i mindre bita. Bland dei saman med mandlane i smelta sjokolade. Hell dette i ei form som er fora med bakepapir. Set dette kaldt natta over. Trykk dette ut av forma, og skjær i grove biter. Smaker godt til ein kaffikopp.

## Sjokoladebitar.

1,5 dl sukker  
1,5 dl brunt sukker  
75 g smelta smør  
3 egg  
3 dl kveitemjøl  
1 ts salt  
2 ts bakepulver  
2 dl havregryn  
1 ts vaniljesukker  
1 plate koksesjokolade  
140 g valnötter

*Pynt.*  
2 plater koksesjokolade



Rør smør og sukker lyst og porøst. Tilsett eit egg om gangen, rør godt. Bland saman kveitemjøl, salt, bakepulver og vaniljesukker. Rør forsiktig inn havregrynen, hakka sjokolade og hakka valnötter. Smør ei lita langpanne (30 x 20 cm) med bakepapir i botn. Hell i røra. Steik på neste rille i omnene ved 175 gr. i ca. 30 min. Avkjøl, og skjer den opp i biter. Smelt sjokoladen og smør den over bitane. Pynt etter ynskje.

# Kaffikake.

4 egg  
100 g sukker  
80 g kveitemjøl  
30 g smelta smør  
0,5 ts bakepulver

## Dynk.

1 dl espresso kaffi  
30 g sukker  
0,5 / 1 ss konjakk ( kan sløyfes )

## Kaffikrem.

4 ts kaffipulver  
2 dl + 0,5 dl mjølk  
0,5 dl kremfløyte  
55 g sukker  
2 eggeplommer  
20 g maisenna  
150 g smør  
30 g melis



Pisk egg og sukker til eggedosis. Rør inn smelta smør. Sikt i mjølet med bakepulver, og vend det forsiktig inn. Fyll røra i ein smurt form nr. 24 / 26. Steik den midt i omnene ved 180 gr. Ca 35 min. Avkjøl. Løs sukkeret opp i den varme kaffien, smak den til med konjakk.

Ha 2 dl. mjølk, kaffipulver, fløyte og sukker i ein kjel. Rør dette saman, og varm det til kokepunktet. Ta resten av mjølka og maisenna i ein bolle og visp det lett saman. Visp inn eggeplommer i mjølk og maisennablandinga. Hell ca 2/3 av den varme veska opp i egg/maisennablandinga litt om senn, og rør godt med ein visp. Ha dette tilbake i kjelen. La det koke opp, og småkoke i 1 min. og rør heile tida. Ha kremen i ein kjøkkenmaskin, og pisk den kald. Tisett så det mjuke smøret og melis. Pisk på full styrke til ein glatt krem.

Del kaka i to. Dynk botn med kaffidynk. Smør på eit tjukt lag ( 1 cm) med kaffikrem, og legg på neste kakelag. Dynk toppen, og smør litt av kaffikremen rundt kanten, resten oppå. Pynt etter ynskje. Sett kaka kaldt til kremen stivnar.

# Kva er hendt, og kva hender?

- Sokneråda har fått 5.000.- kr frå Torgeir Før's minnefond. Vi skal bruka pengane som stønad til konfirmantane som vil på leir i 2013.
- Den store kyrkjedagen 9. sept. samla ikkje mange innom kyrkjedørene, berre 5-6 personar
- Inspirasjonskveld i trusopplæring i øvre Valdres, den 11. sept. samla 20-25 personar. Plan for trusopplæring skal formelt vedtakast i kvart sokneråd. I Vestre Slidre er vi samstemte.
- Kyrkje og Stat i åra framover var emne for kurs i Aurdal den 13.sept. Korleis skal Kyrkja vår vera organisert og styrt? Alle bør skaffa seg, og lesa, heftet «Kirkeordning etter 2013»
- Trusopplæringskonferansen på Lillestrøm den 17.okt. var vi representerte i
- Mange i sokneråda hadde innsamlingsruter under TV-aksjonen den 21.okt., der Vestre Slidre samla 48.822,50 kr.
- Røn sokneråd har ansvaret for *Lys Vaken (for 11-åringane)* den 8.-9. des. i Røn kyrkje i samarbeid med leiar for trusopplæringa i ø. Valdres, Kjersti Kirkeby Ødegaard. Samling før og etter messa, der ungane bør ta del
- Den 13.des. får vi orientering frå Bispekontoret vedr. *BISPEVISITAS* 30.apr./til 5.mai -2013
- Julevandring i kyrkjene kan vi ha i desember, om barnehagane ynskjer dette

- I samband med *bokutdeling til 4-/6-åringane* (Slidre 6.jan.-Lomen 20.jan.-Røn 27.jan.) vil vi ha samling med ungane før og etter utdelinga. Dei kan gjerne få ta del i gudstenesta
- I januar vil vi drøfta saka om bruk av fondet Kommunen har fått til bygging av bårehus/kyrkjestoge. Sokneråda er berre høyningsinstans i saka.
- Lomen sokneråd held *barneskirenn* i vinter og, men det er ikkje dagsett enno.
- Slidre sokneråd har ansvar for *Tårnagentane* (for 8-åringane våre) i Slidredomen, truleg den 20.april. Samling før og etter messa, der ungane bør ta del
- *Fuglehol*a under taket på Slidredomen skal tettast og målast over når det blir vår, likeeins skal vi måla inngangsporten der.
- *Nyplantingane* rundt Slidredomen vaks ned i ugras før kulda kom. Her må vi reinska ved fyrste høve når våren kjem
- *Allsangkveldar* i Skrøvik grøndehus bør du vera med på, 5-7 kveldar i året
- *På Sjukeheimen* er dei glade når nokon kjem innom og helsar med ein prat og ein klapp på skuldra. Du treng ikkje vera i besøkstenesta for å gjera dette. Kom dit til juletrefesten den 6.januar!
- *PLASSEN* har godt rom til fleire gjester på samlingsdagane der. Her er og svært bra selskapsrom som du kan leiga



# Stavkyrkjene

Riksantikvaren (RA) starta eit *Stavkyrkjeprogram* i 2001 fordi mange av dei var i svært skral forfatning. Meininga var å setja dei betre i stand til å stå seg «mot tidens tann», å ta vare på dekor og kyrkjekunst, og å supplere dokumentasjonen av stavkyrkjene som grunnlag for forsking og rekonstruksjon av tapte delar.

Kyrkjene er viktige kulturminne, og kan læra oss mykje om handverkstradisjonar og val av byggje-tilfang som stein og tømmer. Lokale handverkarar med røynsle i arbeid med tømmerhus frå middel- alderen og andre bygningsprosjekt tek del i utbettingsarbeidet, og i ei utferd til Valdres for eit par år sidan stadfest ein utsending frå RA at «*Terje Tvene er en fenomenal håndverker*». Det skal du ta til deg, Terje!

Vi reknar at vi har 28 bevarte stavkyrkjer i Norge, og seks – 6 – av desse er altså i Valdres. Alle stavkyrkjene er frå tidleg middelalder, og alle har brannsikringsanlegg i dag.

Rekna etter dokumentert (og tenkt?) alder har vi desse stavkyrkjene i Valdres (etter RA):

- **Hedalen**, bygd rundt 1160, med drakeportal, ombygd etter 1699 til korskyrkje, ny restaurering i 1902. Svært verdifullt inventar, m.a. Krusifiks frå 1270 og Hedalsmadonnaen frå 1250.
- **Høre**, frå 1179, men på ei eldre kyrkjetuft. Med stupul. Store ombyggingar i 1800-åra, og ny restaurering frå 1970 til inn på 2000-åra. Har enno noko råteskade.
- **Lomen**, frå 1193 (?) av tømmer hogd i 1179. Med stupul frå 1771. Er jekka opp fleire gonger (sig i jordbakken der ho står).
- **Hegge**, frå sist på 1100-talet. Med stupul. Store reparasjonar og grunnarbeid etter 1924
- **Øye**, rundt 1200, reven i 1747, men nyreist på anna tomt i 1950-åra. Utbettingsarbeid er vel ikkje starta enno
- **Reinli**, etter 1326, men truleg på tomta etter to tidlegare kyrkjer. Med stupul. Den einaste stavkyrkja som er bygd med skip og kor i same breidd, som ei langkyrkje. Godt bevart.

---

## FUGLER I BIBELEN OG I KRISTEN TRADISJON:

# Dom pap

Dom papen er julekortfuglen framfor noen, avbildet i juleneket eller i trær med nysnø. Dom papen har strengt tatt ingen plass verken i Bibelen eller i kristen tradisjon. Men navnet dom pap er en avledning av det tyske Dompfaff – domherre – en geistlig primas som bærer rød kjortel under visse seremonier i den katolske kirke. Fargen rød symboliserer ild, kraft, kjærighet, varme og blod. Fargen er knyttet til Den Hellige Ånd som ble gitt til apostlene på pinsedagen. Rødt kan også være symbol for Jesu blod og for martyrenes blod. Fargen rød brukes derfor i kirken i pinsehøytiden, på Aposteldagen og ved martyr-dagene; 2.juledag (Stefanus) og Olso (Olav den Hellige). På denne bakgrunn brukes rød som liturgisk farge også ved prestevigsling og kirkejubileum i Den Norske Kirke. Historisk var den dyre røde fargen som utvinnes fra purpurneglen, forbeholdt konger og keisere, den symboliserte da makt og verdighet.

### Dom pap i Valdres

Dom papen hekker fåttlig til vanlig i gran- eller granblandingsskog. I fjellbjørkeskogen treffes den bare unntaksvis. Dom papen livnærer seg hovedsakelig av frø og knopper. Den trekker inn fra skogen til bebyggelsen om vinteren, og kan ses på fóringsplasser fra sein høst til tidlig vår. Dom papen forbindes ofte med vinter og fuglefóring, men hvis man lærer lyden å kjenne, vil man oppdage at den er tilstede hele året. Reiret plasseres ofte i ungskogsfelt av gran, som regel et par meter over bakken. Dom papen opptrer stillferdig på hekkepllassen. Det latinske navnet *Pyrrhula pyrrhula* er avledet av det greske ordet for ildrød. Det er bare hannen som er rød, hunnen har gråbeige underside. Dom pap ble i 1992 valgt til fylkesfugl i Oppland. Lokalnavn: dompapp.

Tekst og foto (framside): Trond Øigarden

## FARGELEGG MEG

① Grått ② Grønt ③ Lysebrunt ④ Blått

⑤ Gult ⑥ Mørkebrunt ⑦ Oransje

### Minneverdig natt



### Lys i natten



# Tilsette i kyrkja i Vestre Slidre

I ÅRSSKIFTET 2012–2013

	Røn Øyjar	Slidre	Lomen Stavkyrkja	kontor
prest		<b>Ola Døhl</b> 100 % = full stilling 61 34 50 52 - 48 13 20 50 <a href="mailto:ola.dohl@vestre-slidre.kommune.no">ola.dohl@vestre-slidre.kommune.no</a>		tirsdag
klokkarar	<b>Magnhild Skjel</b> 7 % 95 82 10 05	<b>Joan Homme</b> 18,5 % 61 34 50 98 – 90 74 38 88		JOAN tirsdag og onsdag MAGNHILD ikkje bunden av dag
diakon kontorfullm.		<b>Joan Homme</b> - 30 + 20 % <a href="mailto:joan.homme@vestre-slidre.kommune.no">joan.homme@vestre-slidre.kommune.no</a>		
kantor		<b>Are Alund</b> 60 % 99 73 41 75 <a href="mailto:are.alund@vestre-slidre.kommune.no">are.alund@vestre-slidre.kommune.no</a>		ikkje bundne dagar, men helst tirsdag
kyrkjetenarar	<b>Per Olav Svenskerud</b> 14 % 90 96 29 34	<b>Ola Sandhaugo</b> 23 % 91 68 96 30	<b>Nils Einar Ormestad</b> 7 % 90 17 89 83	ikkje bundne dagar
reinhaldar		<b>Marit Granheim Trøyflat</b> 15 % 97 11 60 56		
kyrkjeverge		<b>Elisabeth Myhre</b> 50 % stilling 61 34 50 96 - 90 59 17 61 <a href="mailto:elisabeth.myhre@vestre-slidre.kommune.no">elisabeth.myhre@vestre-slidre.kommune.no</a>		mandag, tirsdag torsdag
Trusopplæring		<b>Kjersti Kirkeby Ødegaard</b> 40 % fra trusopplæringsmidler i V.Slidre + Ø.Slidre + Vang 41 60 96 47 <a href="mailto:k.k.odegaard@etnedal.kyrkja.no">k.k.odegaard@etnedal.kyrkja.no</a>		ikkje bundne
Ringarar	<b>Per Olav Svenskerud</b>	<b>Odd Kolbjørnshus</b> 6 % <b>Jan Ole Bråten</b> 6 %	<b>Ola Sandhaugo</b> <b>Nils Einar Ormestad</b>	tider på kontoret

Prest, klokkar(ar), kyrkjeverge og kantor held STABSMØTE kvar tirsdag formiddag (helst)  
 Kyrkjeleg Fellesråd har rådd til at kyrkjeverget får utvida stillingsomfang til 70 %

## REDAKSJONEN

vil tru at dei rause pengegåvane som kjem, er uttrykk for at lesarane likar bladet vi skriv. Vi vil gjerne halda fram med det. No ynskjer vi at du må få ei

*God Jul*

i lag med dei som står deg nærmast

**Kari Synnøve Moe Nevland**

steinnev@online.no  
 61 34 32 99  
 91 17 53 64

**Malin og Ingrid Røvang**

61 34 39 50  
 99 30 76 54

**Turid Kjersti Berge**

ol-berg4@online.no

**Gunnar Breivik**

gunntob@online.no  
 61 34 32 53  
 95 21 07 14

# *Jol*

No heimen står open for alle som trur,  
Gud sende oss sonen, han millom oss bur.  
Her kan me han finna, han er her i kveld.  
Stjerna vil lyse, og høgtid vi held.

No heimen står open, og alle har von,  
som går fram til krubba og møter Guds son.  
Her strøymer Guds kjærleik frå himmelen ned,  
med signing til alle som ynskjer Guds fred.

*Embrik A. Skoro (Stilico eller Fjellkall) i Høværingen i januar 1936.*

